



# Fedje kommune

## Møteprotokoll for Kommunestyret

**Møtedato:** 16.09.2021  
**Møtestad:** Slissøyana/Skarvøyana Fedje fleirbrukshall  
**Møtetid:** 18:30 - 20:01

<b>Møtedeltakarar</b>	<b>Parti</b>
Stian Herøy	H
Bjørn Solbakk	Frp
Anna Marit Storemark	Ap
Einar Villanger	Ap
Ernst Horgen	H
Frode Hjønnvåg	Frp
Kamilla Bjerkholt Karlsen	Ap
Marit Solbakk Øien	Frp
Otto-Andre Nordby	H
Paul Magnar Knapskog	H
Silje Sulen Gullaksen	H
Thea Koppen Blomvågnes	Ap

  

<b>Møtedeltakarar vara</b>	<b>Parti</b>
Kristin Aase	Ap
Paul Erling Rognsvåg	H
Rune Midtun Borgerød	Ap

  

<b>Forfall meldt frå følgjande medlemmar:</b>	<b>Parti</b>
Gidske Borge Kolltveit	Ap
Hans Erik Waage	Ap
Paul Gunnar Gullaksen	H

---

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Annika Tvedt Villanger, Dagrun Gunnarson, Gjermund Hagesæter, Jan Torry Sande,  
Kristin Handeland, Øyvind Tolleshaug Mona Vabø

---

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
052/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
053/21	Godkjenning av møtebok
054/21	Referatsaker
055/21	Ekstraordinær tilføring frå KLP til kundane
056/21	Kulturverntenesta i Nordhordland
057/21	"Ein plass å vere" - lokale for ungdomsklubb
058/21	Etablering av Fensfjorden PPT frå 01.01.2022
059/21	Endring av vilkår for tilskot ved kjøp av tomt i bustadfeltet Torvhaugane
060/21	Tursti. Fullføring.
061/21	Eventuelt

**052/21: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

**Kommunestyret 16.09.2021**

**Behandling:**

**K - sak 052/21 Vedtak:**

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

---

**053/21: Godkjenning av møtebok**

**Kommunestyret 16.09.2021**

**Behandling:**

**K - sak 053/21 Vedtak:**

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

---

**054/21: Referatsaker**

**Kommunestyret 16.09.2021**

**Behandling:**

Rådmannen orienterte munnleg om

- framleis utfordringar på økonomikontoret. - Rådmannen orienterte om budsjettseminar med formannskapet. - Rådmannen orienterte om eventuelt sal av Fedje kommune sine aksjar i BKK.
- status for etablering av ny legeteneste v/helse- og omsorgssjef.

**K - sak 054/21 Vedtak:**

Referatsaker vert tekne til orientering.

---

**055/21: Ekstraordinær tilføring frå KLP til kundane**

**Formannskapet 07.09.2021**

**Behandling:**

**F - sak 069/21 Vedtak:**

Ekstraordinær tilføring frå KLP vert avskrive over sju år ved at 1/7 del av premiefondet vert brukt kvart år til å redusera premieinnbetalingane til KLP.

Samrøystes vedteke.

**Kommunestyret 16.09.2021**

**Behandling:**

**K - sak 055/21 Vedtak:**

Ekstraordinær tilføring frå KLP vert avskrive over sju år ved at 1/7 del av premiefondet vert brukt kvart år til å redusera premieinnbetalingane til KLP.

Samrøystes vedteke.

---

**056/21: Kulturverntenesta i Nordhordland**

**Formannskapet 07.09.2021**

**Behandling:**

**F - sak 070/21 Vedtak:**

Fedje kommune vidarefører avtalen om rådgjevande museum med Kulturvernssenteret i Hordaland no.

Samrøystes vedteke.

### **Kommunestyret 16.09.2021**

#### **Behandling:**

#### **K - sak 056/21 Vedtak:**

Fedje kommune vidarefører avtalen om rådgjevande museum med Kulturvernssenteret i Hordaland no.

Samrøystes vedteke.

---

#### **057/21: "Ein plass å vere" - lokale for ungdomsklubb**

### **Kommunestyret 16.09.2021**

Ein plass å vere, foreslått av Silje Sulen Gullaksen, Høgre  
Høgre foreslår å ta i bruk første etasjen i det gamle post lokalet.

Tilleggsframlegg til H sitt forslag, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet  
Ordførar går i dialog med Feddie for å få eit tidsperspektiv på kor lenge Fedje kommune kan nytte lokalet som ungdomsklubb.

#### **Behandling:**

Ordførar orienterte om at det i formannskapet hadde vore drøfta om 1 etg. i posten kan brukast som ungdomsklubb. Feddie Distillery AS har opsjon på kjøp av huset i Stormarksvegen 7. Ordførar melder om at Feddie Destillery AS har ingen kortidsplaner for å løysa inn opsjon knytt til Stormarksvegen 7. Forslag frå Otto Andre Nordby (H) Høgre foreslår å ta i bruk første etasjen i det gamle post lokalet. Forslag frå Kamilla B K Karlsen (Ap) Ordførar går i dialog med Feddie for å få eit tidsperspektiv på kor lenge Fedje kommune kan nytte lokalet som ungdomsklubb.  
Forslaga vart handsama subsidiert.

#### **K - sak 057/21 Vedtak:**

Kommunestyret røysta først over formannskapet sitt vedtak. Eit samrøyster kommunestyre røysta i mot formannskapet sitt vedtak.

Forslag frå Otto Andre Nordby (H) Høgre foreslår å ta i bruk første etasjen i det gamle post lokalet. Samrøystes vedteke.

Forslag frå Kamilla B K Karlsen (Ap) Ordførar går i dialog med Feddie for å få eit tidsperspektiv på kor lenge Fedje kommune kan nytte lokalet som ungdomsklubb.

Forslaget frå Kamilla B K Karlsen fekk 6 røyster Ap, Høgre og Frp røysta mot forslaget. Forslaget fall 6 ( Ap) mot 9 røyster ( H/Frp)

---

### **058/21: Etablering av Fensfjorden PPT frå 01.01.2022**

#### **Kommunestyret 16.09.2021**

##### **Behandling:**

Rådmannen ved rektor Mona Vabø orienterte om saka i møtet.

##### **K - sak 058/21 Vedtak:**

Fedje kommune godkjenner etableringa av Fensfjorden PPT og vedlagte avtale. Ein vedtek også vertskommunesamarbeid med Austrheim som vertskommune.

Samrøystes vedteke.

---

### **059/21: Endring av vilkår for tilskot ved kjøp av tomt i bustadfeltet Torvhaugane**

#### **Kommunestyret 16.09.2021**

##### **Behandling:**

Forslag frå Ernst Horgen (H) Vurderer å myke opp reglene om 4 års boplikt.

##### **K - sak 059/21 Vedtak:**

Vilkår for tilskot ved kjøp av tomt i bustadfeltet Torvhaugane vedteke i K-sak 060/15 får følgjande tilføyning: Punkt 5 Stønadsordninga omfattar og kjøp av tomt frå privat eigar i Torvhaugane. Det må ikkje vere gjennomført tiltak etter pbl § 20-1. på tomte. Dersom søkjaren har kjøpt tomte frå andre enn kommunen skal den opphævelege kjøpesummen då tomte vart seld frå kommunen leggjast til

grunn for kva søkjaren får tilbakebetalt frå kommunen. Reglane om tilskot gjeld berre for tomter kjøpt siste gang før 31/12- 2030.

Samrøystes vedteke.

Tilleggs forslag frå Ernst Horgen (H) Vurderer å myke opp reglene om 4 års boplikt.  
Forslaget frå Ernst Horgen (H) vart vedteke 13 mot 2 røyster. Kristin Aase (Ap) og Anna Marit Storemark (Ap) røysta imot.

---

### **060/21: Tursti. Fullføring.**

#### **Kommunestyret 16.09.2021**

Tursti. Fullføring, foreslått av Silje Sulen Gullaksen, Høgre  
Høgre sitt framlegg til vedtak er att ein sitt av inntil 1 000 000 kr i budsjettet for 2022, til slutføring av grusløype, gapahukar og trimapparat.

#### **Behandling:**

Tilleggs framlegg frå Silje S Gullaksen (H) det vert sett av inntil 1 000 000 kr i budsjettet for 2022, til slutføring av grusløype, gapahukar og trimapparat.

#### **K - sak 060/21 Vedtak:**

Fullføring av turløypa frå Stormarkvegen til Træsneset vert teke inn i budsjettet for 2022.

Samrøystes

Tilleggs framlegg frå Silje S Gullaksen (H) det vert sett av inntil 1 000 000 kr i budsjettet for 2022, til slutføring av grusløype, gapahukar og trimapparat.

Samrøystes vedteke.

---

**061/21: Eventuelt**

**Kommunestyret 16.09.2021**

**Behandling:**

Spørsmål frå Kamilla B K Karlsen (Ap) :Kan du orientere Kommunestyret om det du skreiv på Facebook om ferjesituasjonen i høve skodde? Har du noko meir informasjon om denne saka? Har Fylkeskommunen vore i kontakt med Fedje kommune? Det sa dei til Ap-sine politikarar på fylket i førre veke at dei skulle gjere. Ordførar svarte.

Spørsmål frå Paul Knapskog (H) : I siste kommunestyremøte vart det reist spørsmål om bowlingbana i fleirbrukshallen ikkje verka. Det vart då opplyst om at den faktisk gjorde det, den verka. Men, no har det seg slik at, etter at me har forsøkt å bruka ho, veit at den faktisk ikkje verkar likevel. Kan Ordføraren fortelja oss om kva som må gjerast for at den skal setjast i stand att, og når me kan få ho i bruk att? Det skal visstnok vera stort behov for ettersyn og vedlikehald på bana, er det ein plan for naudsynt vedlikehald på dette, kostbare, utstyret? Ordførar svarte.

**K - sak 061/21 Vedtak:**

Det vart ikkje fatta vedtak i denne saka.

---